

Kven ryddar opp i Skårhaug?

13.12.2007



Slik er utsynet i desember 2007 (Foto: Ola Matti Mathisen).

Kven vil og kan ta på seg jobben med å rydda opp i Skårhaug, spør ein oppsittar i området som er i tvil om eigedomstilhøva der.

Han viser til at vegetasjonen har teke heilt overhand slik at det ikkje lenger er mogeleg å nyta utsikten frå toppen mot dei sentrale delane av Uskedalen, i hvert fall ikkje om sommaren.




Slik var utsynet frå Skårhaug sommaren 2006. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Her var det i "gamle dagar" eit framifrå utsiktspunkt der ein kunne sitte og nyte utsynet på fine sommar dagar. Nå ser ein rett inn i ei grøn vegg på sommarstid, påpeikar oppsittaren. Bilete som er attgjeve i tilknytning til denne artikkelen viser til fulle at han har rett. Og som han også legg til: - Det er synd at panoramaet er stengt, for det er fleire fine og innbydande kombinerte bord og benkar på og rundt toppen.

Oppsittaren spør: Kven tar seg av saka? Er det Uskedalen Utvikling? Er det "organisasjonen" som administrerer friluftsområdet? Eller er det kanskje Skårhaug Vel?

Uansett må det vera ein fordel å starta oppryddinga no på vinterstid når det ikkje er lauv, held han fram og blir støtta av fleire som har teke opp saka med uskedalen.no.

Av Ola Matti Mathisen



Slik var utsynet frå Skårhaug rundt 1920 (Foto frå ungdomslagets arkiv)